



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

28.08.2026

Vår ref:

2026/13554

Dykkar dato:

20.07.2026

Dykkar ref:

202615656

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - avvik frå manøvreringsreglement - Feios kraftverk - Vik

Vi viser til høyringa av søknad frå Feios Kraftverk AS om stanse sleppet av minstevassføring i samband med byggjearbeid i vassdraget i perioden 1. – 9. oktober i år.

I manøvreringsreglementet er det krav om slepp av 50 l/s i Storelvi og 15 l/s i Nyasetlvi i den aktuelle perioden. Føremålet med fråviket er å redusere vassføringa i elva slik at det blir tilfredsstillande tilhøve for anleggsarbeidet knytt til to elvekryssingar.

Vi saknar ei vurdering i søknaden av om det eventuelt kan vere mogleg å leie vatn forbi dei to anleggspunkta, altså der det til ei kvar tid må gravast, slik at det kan arbeidast tørt utan å tørrleggje elva nedstraums. Det vil nødvendigvis vere negativt for akvatisk naturmangfald at elvebotn blir tørrlagt.

Vi legg til grunn at det berre er aktuelt å stanse minstevassføringssleppet dersom det er heilt nødvendig for å kunne gjennomføre anleggsarbeida på ein akseptabel og sikker måte. Vi viser her til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vik kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 134
Postboks 7900

6891
5020

VIK I SOGN
BERGEN

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665

